



Nissedal kommune

Eining for skule

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2017/868-7	Reidun Carol Retterholt,35048482 reidun.retterholt@nissedal.kommune.no	033	23.04.2018

Referat frå møte i SMU - 16.04.18

Desse møtte: Leah Marie Jermansen, Bjarne Reime, Hildegunn S. Tveit, Marianne Vrålstad, Reidun Retterholt, Marit Madsen, Carina Olsen, Vibeke Homme, Noah Solli og Linda Solberg.

Sak 1 Skulemiljøet – status

Elevane føler at det er bra miljø på skulen nå. Den saka om rasistiske uttrykk er mykje betre. Få saker som gjeld skulemiljøet på skulen.

Viktig at ein er obs på miljøet i ballbingen når den er i bruk.

Sak 2 Oppsummering sosiogram

Alle klassene har gjennomført i mars. Som før ser ein at det stort sett er bra, men at det er nokre få elevar som ein må vere ekstra obs. på. Det er satt inn tiltak i alle dei klassene der ein ser at det er behov.

Sak 3 Innspel til SMU – saker i neste års budsjett

- Skidag for alle på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule
- Juleball
- Uteareal

Sak 4 Gjennomgang av vernerundar/HMS-handlingsplan

Universell utforming , skilting i fleirbrukshuset.

Rømmingsvegen ut frå hallen er øydelagt, denne skal ikkje brukast.

Vannskade i fritidsklubben og taket dryss, dette må reparerast.

Dårleg luft i paviljongen.

Mange istappar på taket ved fleirbrukshuset, Reidun sender mail til teknisk om det er noko dei kan gjere for å førebyggje dette.

Sak 5 **Prioriterte oppgaver til neste år sitt SMU**

Halde trykket oppe på budsjettsaker, kantine, IKT- parken, leirskule.

Sak 6 **Framlegg til ny plan for 9A (skulemiljø)**

Den største endringa er at skulen har ei plikt for at alle elevane har det bra på skulen, ser ein at ein elev ikkje har det bra må ein sette inn tiltak.

Slutt på vedtaks plikt, nå har ein plikt til å lage ein aktivitetsplan.

Alle skal bli hørt – begge partar skal vere involvert i aktivitetsplanen.

Innan 5 dagar skal ein ha satt inn tiltak.

Sak 7 **Revidering av årshjulet til SMU**

Innspel til rektormøte:

- Budsjettforslag må inn på septembermøtet, sjå referat frå april møtet
- Oppfølging av budsjett på novembermøtet
- Sjekklista kan ein stryke
- Budsjett og økonomi må opp på alle SMU møter

Sak 8 **Tilstandsrapport**

Den er lagt fram politisk, i FAU og i personalgruppa.

Viktig at ein arbeider målretta mot at læringstrykket er høgt i alle fag og timar.

Tør me å ha høge nok forventningar til elevane?

Eventuelt

- Den nye pedagognormen.
- Regjeringa har endå ikkje komme med forslag på korleis ein skal få inn ein ekstra time med fysisk aktivitet i skulen.

Referent: Linda Solberg

Med helsing

Reidun Carol Retterholt
Rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.